

# AG Plan og Arkitektur AS

Rådgjevande arkitekt og ingeniør •NPA •MNAL•MNIF

Ørsta 07.12.2007

## Vedlegg A1:

### REGULERINGSENDRING:

### Egsetvika, Volda kommune.

#### VURDERING AV MERKNADER VED FORVARSLING

Planarbeidet vart forvarsling i hht plan- og bygningslova 4.4.06 (annonse 8.4.06) med frist for merknad 15.5.06 ved annonse i Møre samt skriv til grunneigarar, naboar og offentlege kommunale og statlege mynde.

**Følgjande merknader/innspel er komne inn som følgje av forvarslinga/annonseringa og arbeidsmøte (3 stk.):**

- |  |               |
|--|---------------|
| 1) Sunnmøre museum                                     | dat. 12.05.06 |
| 2) Sigmund Egset                                       | dat. 14.05.06 |
| 3) Sivert Aarflot Museet                               | dat. 12.05.06 |
| 4) Oddmund Liaskar                                     | dat. 14.05.06 |
| 5) VOLDA KOMMUNE                                       | dat. 12.05.06 |
| 6) Bjarne J. Egset                                     | dat. 10.05.06 |
| 7) Sjur Aarflot  | dat. 11.05.06 |
| 8) Statens vegvesen                                    | dat. 11.04.06 |
| 9) KYSTVERKET MIDT-NORGE                               | dat. 18.04.06 |
| 10) Volda kommune,<br>Kommunalt råd for funksjonshemma | dat. 22.05.06 |
| 11) Møre og Romsdal fylke                              | dat. 22.05.06 |
| 12) Bjarne J. Egset                                    | dat. 15.07.06 |
| 13) Olav Egset m/fleire                                | dat. 31.07.06 |
| 14) Jo Prestegarden                                    | dat. 11.08.06 |
| 15) Dag Egset, Leif Finnøy m. fl.                      | dat. 11.08.06 |
| 16) Møre og Romsdal fylke                              | dat. 16.06.06 |

## **Utdrag frå og omtale av dei enkelte merknadene/innspele:**

Generelt: For full innsikt i dei enkelte innspel/merknader viser vi til sjølve skriva, jf vedlegg.

### 1. Sunnmøre museum

#### **Utdrag:**

*Egset og Sivert Aarflot-museet har lange tradisjonar, og det er vesentleg at den del av historia dei representerer vert teken vare på der ho fann stad. Museet må få høve til å utvikle seg og det må finnast areal for ei utviding når det vert aktuelt. Eit nytt reinseanlegg må i minst mogleg grad forstyrre miljøet kring museet. Sidan plassen inne i museumsbygget er liten, er det også viktig at museet får behalde den plassen for arrangement ute.*

#### **Kommentar:**

Generelt vedkomande plansituasjonen:

Arealbruken slik den går fram av kystsoneplanen er utgangspunktet for dette reguleringsarbeidet. Dersom det kjem fram moment som ikkje var kjende i samband med det planarbeidet er desse momenta relevante å ta med i vurderinga no. Så langt vi kan sjå er museet vist med eksisterande tomt som museumsområde i kystsoneplanen. Reinseanlegget er vist i kystsoneplanen, men i samband med forvarslinga fann kommunen ut at det kunne vere grunnlag for å vurdere 3 ulike plasseringar av reinseanlegget. Plasseringa av anlegget må vere slik at det fungerer i høve anlegget sin funksjon og at det let seg drifte på ein forvarleg måte. Dette medfører at tilkomst og naudsynte trafikkareal er tilstades. Vi legg til grunn at museet sin funksjon vert oppretthalden.

### 2. Sigmund Egset

#### **Utdrag:**

*Litt historikk: I forkant av planstart av kystsoneplanen var eg i kontakt med dåverande kultursjef i Volda kommune, Britt Aa. Aarseth for å be om hennar syn på ei eventuell utbygging av vårt bruk til det ein kan kalle småskaturisme. Aarseth var svært begeistra for ideen, ikkje minst fordi eit serveringstilbod i området kunne være til hjelp for Årflotmuseet. og betre publikumstala for dei. Så ein kan godt seie at det var etter press frå henne at vi sende inn forslaget og fekk det inn i planen.*

*Under utarbeidinga av planen vart det heldt synfaring i området, spørsmålet med avløpsrensing vart teke opp og det vart frå kommunen forsikra om at det kom til å dreie seg om ein nedgraven kum som ikkje kom til å vere til bry. Dette ligg også skrifteleg føre i det endelege vedtaket om kystsoneplanen.*

*Som ein ser var lovnaden frå kommunen verdlaus, og det å få plassert eit reinseanlegg i eit område som er tiltenkt til turisme og rekreasjon skaper eit problem som ikkje lar seg løyse.*

*Så det einaste er å finne alternative plasseringar for dette reinseanlegget, i plankartet er det vist eitt ( nr.2 ) her finst fleire; ved sidan av Sivert Årflotveien, mellom elva og vegen er eit bra alternativ som også har den fordel at det ligg like ved eksisterande avløpsleidning så ein kan behalde same leidning til sjøen som er i dag.*

*Og, ein har ikkje minst området nord om kaia der det fint kan plasserast eit anlegg ved sjøkanten, her er det også eksisterande veg.*

*Tilkomst friområde: Køyrelig gangveg er det einaste rette i den samanheng.*

*Å tillate biltrafikk i eit slikt trongt område som skal tene som rekreasjonsområde er absolutt uheldig, dessutan vil det ha ei tiltrekkande effekt på det ein kan kalle "festkultur" og vi har frå før rikeleg erfaring med kva det fører med seg. Så ein veg langs elva nordvest om museet og vidare langs naustområde er det som skal til her.*

*Bortsett frå oss som bur i området så har ingen av nausteigarane parkeringsplass.*

*Privat parkering for dei tiltaka som er tenkt sett i gang vil måtte skje i tilknytning til desse.*

*I våre planer for utbygging ynskjer vi å få avsett areal til bassengområde, eit oppvarma og overbyggt basseng i nær tilknytning til sjøfjøre vil heve bruksverdien av heile området, det være seg for tilreisande og lokalt.*

#### **Kommentar:**

Arealbruken for Egset sin eigedom vert i planframlegget i hovudsak samsvar med arealbruken fastsett i Kystzoneplanen. Egset får i framlegget høve til å nytte eigedomen både til frittstående bustader, til campingplass, servering og overnatting. Planframlegget er "romsleg" i form at arealbruken gjev rom for mange utnyttingstypar. Når det gjeld reinsanlegget er det no viste anlegget naudsynt for å kunne tene den funksjonen anlegget skal ha. Reinseanlegget skal ikkje ureine kringliggande område.

Når det gjeld detaljutforming av campingplassen vert dette ei sak Egset må ta opp i samband med søknad om tiltak. Dersom basseng er aktuelt som del av campingplassen skulle ikkje det by på særlege problem.

### 3. Sivert Aarflot Museet

#### **Utdrag:**

*Sivert Aarflot Museet er lokalisert i område planen omfattar, i eldfast museumsbygning ført opp på slutten av -50 talet. I museet finn ein historia rundt oppstarten av landets eldste lokalavis og utstyret som vart brukt framover dei første 100 åra. Det er såleis eit unikt museum.*

*Det er difor viktig at ein set av område for utviding av museet og passar på at det som vert oppført i nærområdet står i stil med museumshusa. Vi har tidlegare hatt fleire innspel til situasjonsplanen for området og synfaringar saman med kommune og grunneigar av naboområdet. Då har vi presisert at det er svært uheldig at ein veg til reinseanlegget vert lagt på nordvest-sida av museet, altså der vi har parkering og snuplass. Ein veg der vil øydelegge parkeringa og snuplassen vår. Når det gjeld veg til reinseanlegget er vi villig til å avstå plass til den på austsida av museet. Museumsstyret må sikre museet for utviding i framtida og vi krev at vi får tildelt areal på vestsida av museet for dette. Det kan sjåast på som vederlag for den jorda vi må avstå til veg på austsida. På kartet som vart sendt til oss merka "Alternativ plassering av reinseanlegget" er der teikna inn tre forslag til plassering. Vi må med ein gong fastslå at punkt merka med 2 er heilt uaktuelt for oss. Når det gjeld punkt merka 3 har vi i ikkje innvendingar. Punkt merka 1 kan diskuteras, men det er ønskjeleg at dette punktet vert drege meir mot sør.*

*Vi bed også om at det vert planlagt parkering og tilkomst til friområdet ved Egsetvika.*

#### **Kommentar:**

Ei viss utviding av museet vil vere mogleg innan eksisterande tomt. I planframlegget er det likevel vist eit tomtetillegg på nær 300 m<sup>2</sup>. Slik planframlegget er vist vil parkering kunne lagast til inne på museumsområdet. Reinseanlegget si plassering meiner vi ikkje vil medføre særlege problem for museet. Anlegget er tenkt lagt inn i bakken og minst mogleg synleg frå museet si side. Det vil elles vere naturleg at kommunen formar fasaden til reinseanlegget slik at det ikkje vert noko stilbrot mellom desse byggverka. Det er elles å merke at det viste parkeringsarealet på området for reinseanlegg også vil, etter avtale, kunne nyttast av museet ved arrangement.

### 4. Oddmund Liaskar

#### **Utdrag:**

*Eg protesterer på at det vert lagt opp til ei fortetting av nausttomtene. Naustbrukarane har rett til å bruke arealet inntil ein meter frå naustet for reoperasjon og lignende. Ved eventuelt flytting av naustveg og parkeringsplass må det skje utan kostnad for brukarane.*

#### **Kommentar:**

Naustområdet er vist med den arealavgrensinga som er vist i kystzoneplanen. Vi har ikkje gått inn på korleis ei ev. fortetting skal skje. Det er i planen sett krav om storleiken på nausta. Elles går det fram av jordskiftedokument kven som har rettar i området. Området kan nyttast til naustføremål med dei avgrensingane planen set. Viser elles til rettsbok frå Søre Sunnmøre jordskifterett der vegen si breidd ovanfor nausta (1,89 m) og bruksretten er nærmare fastslegen. Utbygging ut over noverande bruksveg er ei sak som må takast opp av den aktuelle tiltakshavar som eiga utbyggingssak.

### 5. VOLDA KOMMUNE

#### **Utdrag:**

*Vi melder med dette frå at ELDRERÅDET den 09.05.2006 hadde føre ovannemnde som sak 0020/06, der det vart gjort slikt vedtak:*

- 1. Eldrerådet vil ha vurdert om reinseanlegg i Egsetvika verkeleg trengst ut frå den røynsle som no er tilgjengeleg frå der slikt anlegg er bygde.*
- 2. Når det gjeld regulering av Kråkeneset har eldrerådet ingen merknad på dette tidspunkt dersom grendautvalet ikkje har merknad.*

**Kommentar:**

Kommunen har trong om reinseanlegg som følge av sentrale pålegg om reinsing av kloakkvatn. Kråkeneset gjed ei anna sak.

6. Bjarne J. Egset

**Utdrag:**

*Eg vil på det sterkaste protestere mot at reinseanlegget for kloakk vert lagt inn på min eiendom 13/6 slik alternativ 3 i planutkastet syner. Grunnen er at det m.a vil gjere det uråd å køyre med traktor til nausta på min eigedom, då det einast er langs bytet til 13/5 at det ikkje er brattare enn at det går an å køyre med traktor.*

*Elles vil eg påpeike at bytet mellom 13/5 og 13/6 ikkje er rett på tilsendte kart. Legg difor ved kopi av utskiftingskart av 1868.*

*Når det gjeld strandlinja på min eigedom i Egsetvika så er denne regulert av Jordskifteretten i 1976 og utlagt til 5 nausttomter som alle er befesta, slik vedlagte kart syner.*

*Kva angår formminne så er det registrert ei røys på toppen av Nubben. Røysa er svært utkasta og nedgrodd og vanskeleg å finne i terrenget, og etter mi meining ikkje eigna som turistattraksjon.*

**Kommentar:**

Plasseringa av reinseanlegget er nøye vurdert. Anlegget er i planframlegget lagt på 13/5. Det er frå fleire hald vist til ulike ulemper. Her gjeld det konflikt med tilkomst. Grensa mellom bnr. 5 og 6 er søkt avklara. Plankartet er justert. Jordskiftekartet som er vedlagt merknaden er vanskeleg å tolke for oss. Vi legg til grunn den grensa som er vist på kommunen sitt kart som utgangspunkt.

7. Sjur Aarflot

**Utdrag:**

*Syner til vedlagte kopi av eit innspel eg hadde lenge før kystzoneplanen var komen på bordet. Standpunkta eg der tok er like aktuelle i dag og eg står fast ved dei. Det nye som har kjeme til sidan då er at reinseanlegget, etter som eg forstår, får heilt andre dimensjonar enn som var tenkt frå først av. Difor må eg krevje at reinseanlegget vert plassert slik at det ikkje er til hinder for gardsdrifta.*

**Kommentar:**

Forhold som er avklara under prosessen med kystzoneplanen legg vi til grunn. Det er likevel, i denne saka, kome fram vesentlege merknader – synspunkt på kvar reinseanlegget bør plasserast. Anlegget ligg no på 13/5.

8. Statens vegvesen

**Utdrag:**

*Statens vegvesen har ingen merknader i samband med varsling av oppstart av reguleringsarbeid for Egsetvika.*

**Kommentar:**

Ingen.

9. KYSTVERKET MIDT-NORGE

**Utdrag:**

*Kystverket har så langt ikkje vesentlege innvendingar til planområde og opplista føremål. Vi gjer merksam på at sjøkartet viser leidningsanlegg i sjø ut frå neset. For best mogleg å rasjonere på sjøarealet ser vi helst at nye sjøførte leidningar/rør så langt råd vert ført ut parallelt/ i same trase.*

*Ved planlegginga på land og i sjø må det leggast vekt på at sjøkablar og rør krev oppsetting av 1,5x2m store skilt om "Ankring forbode" ved landtaka (bør takast med i reguleringsføresegner). Det må difor ikkje planleggast føremål som medfører oppankring eller bruk av anker ved tillegging til kai/brygge i nærområdet inn mot slike leidningar eller rør. Vi gjer her merksam på at forankringsanlegg for flytebrygger og kan skade kablar/rør.*

**Kommentar:**

Innspelet er teke til vitande og vert/er så langt råd innarbeidd i planframlegget.

#### 10. Volda kommune, kommunalt råd for funksjonshemma

##### **Utdrag:**

*Vedtak: Rådet for funksjonshemma ber om at universell utforming med dei krav som dette inneber blir tatt til følgje i planen både friområdet og boligområdet.*

*Rådet ber om at boligane i Volda er livsløpsstandard/universell utforming.*

##### **Kommentar:**

Så langt terrenget gjer det mogleg er planen tilpassa universell utforming. Etter planframlegget skulle det vere mogleg å ta seg ned til fjøra, men det vil by på større vanska å ta seg fram til friområdet grunna sterk stigning på dette arealet. Korleis bustader vert utforma fell utanfor denne planen å fastsetje.

#### 11. Møre og Romsdal fylke

##### **Utdrag:**

*Kulturavdelinga må på synfaring for å avklare arealbruken innan for planområdet. Det ligg automatisk freda fornminne innan for planområdet ... Ut frå landskapsomsyn verkar alternativ 2 ovanfor vegen minst konfliktfylt når det gjeld plassering av reinseanlegg. Friområde som vist i kystzoneplanen verkar naturleg avgrensa... Vi vil difor rå frå at naustarealet som er vist i kystzoneplanen vert utvida..*

##### **Kommentar:**

Plasseringa av reinseanlegget er gjort ut frå eit heilskapsomsyn. Ut frå skisse som er laga kan vi ikkje sjå at anlegget vil vere til vesentleg ulempe for museet.

#### 12. Bjarne J. Egset

##### **Utdrag:**

*Eg vil protestere på det sterkaste mot at reinseanlegget og parkeringsplassar vert lagt inn på min eigedom 13/6 på høgaste punktet i Naustteigen, då dette vil føre til press og trakk på attelegene innanfor.*

*Der parkeringsplassane er tenkt lagd er det ei gravrøys, 14 m i tverrmål og bygd av mellomstore steinar. Røysa er omtala i Voldasoga. Ein arkeolog ved namn Shetelig grov ut denne røysa i si tid. Røysa er godt synleg som ei fordjupning i marka. Området omkring røysa er ikkje dyrka eller tilstelt på grunn av at her er ei gravrøys. Eg kan ikkje forstå anna enn at dette fornminnet må takast vare på.*

*Etter mi meining kan øverste vegen sløfast og vegen på vestsida av museet forlengast langs elva ned til nausta og reinseanlegget plasserast der. Vidare bør vegen gå på øvre sida av nausta inn til Nubben, med parkeringsplassar der på min eigedom 13/6. Ein vil då få tilkomst til friområdet den vegen folk brukar å gå når dei vil inn på Nubben. Likeeins vil ein få parkering og lett tilgang til badeplassen inn ved Nubben.*

##### **Kommentar:**

Reinseanlegget er i planframlegget plassert ut frå ei samla vurdering. Anlegget ligg sør om museet og vil bli søkt tilpassa terrengmessige tilhøve. Veg til reinseanlegg og naust er lagt langs elva.

#### 13. Olav Egset m/fleire

##### **Utdrag:**

*Vi er som eigarar/bygglarar av naust/naustgrunn i området ikkje tilfreds med reguleringa slik den går fram av denne planen, og kan ikkje utan vidare godta ei slik løysing. Vi meiner at plassering av anlegg og parkeringsplassar lagt på dette nivået/staden, som vist på motteke kart, ikkje gir ein tilfredsstillande tilkomst/parkering for våre naust. Parkering som skissert langs ein øvre veg vil medføre lenger avstand til nausta og ein brattare og vanskeligare tilkomst for oss.*

*Ei løysing med veg langs elvebarden til naustrekka og vidare langs denne mot Nubben med parkering enten i enden av vegen eller utviding av vegen for parkering langs denne, vil for vår del vere ei mykje betre løysing enn den skisserte då vi vil få ein betre tilkomst med bil til heile naustrekka. I tillegg vil ein få lettare tilkomst til ei event. kai/badeplass ved friområdet ved Nubben..*

*Dersom ein plasserer renseanlegget ved elva i tilknytning til naustrekka og kler det med materialar av ein slik art at det visuelt vert en del av naustmiljøet, så vil det heller ikkje visuelt øydelegge området eller omgjevnadane. I tillegg skulle vi tru at dette vert ei mykje billigare løysing og ein vil i tillegg få berre ein veg som vert nytta av alle involverte partar og ein unngår vidare at museet får trafikk på to kantar. Det vil også etter det vi kan sjå m.a. medføre mindre arealbruk og vere til mindre sjenanse for dei som skal bu der.*

**Kommentar:**

Kommentarane kjem fram på bakgrunn av skisser i planprosessen. Planframlegget imøtekjem mange av innspela.

14. Jo Prestegarden

*Plassering av kommunalteknisk anlegg;*

*Dersom ein ikkje finn fram til ei anna og meir fornuftig plassering av renseanlegget på bnr. 1, kan den plassering som går fram av planforslaget godtakast.*

*Vegføring; Når det gjeld framføring av veg er det to alternativer.*

*Alternativ 1; Alternativet som er innteikna på skisse dat. 12.07.06 kan berre godtakast om vegen vert lagt heilt inn til grensa mot gnr. 13, bnr. 78 og vidare langs hamrelaget til renseanlegget. Det er ein heilt nødvendig forutsetning at vegen ikkje vert åpen for allmenn biltrafikk, og at gnr. 13, bnr. 5 får utvida sitt areal mot sørvest i forlenging av eksisterande tun på bruket.*

*Alternativ 2; Det andre alternativet er det nausteigarane vil ha. Det inneber veg langs elva vest for museet og vidare heilt til naustrekka og langs denne til renseanlegget. Fordelen med dette er at her kan opparbeidast eit parkeringsområde syd-vest for museet på areal som ikkje er til så mykje anna. Denne parkeringsplassen kan då nyttast av både museet og nausteigarane. Avstanden til både museet og nausta er kort. Vidare vil dei som nyttar friluftsområdet i Egsetvika kunne parkere her.*

*Også her er det ein grunnleggande føresetnad at køyring til nausta vert i samsvar med den rett som er bestemt i jordskiftesak av 08.09.1989. Elles må trafikken avgrensast til berre å gjelde for drift av renseanlegget.*

*Tilleggsareal til Sivert Aarflot-museet; Eg finn allereie no å gjere merksam på at det er uaktuelt for eigar av gnr. 13, bnr. 5 å avstå areal frivillig til dette føremålet.*

*Areal ved naustplassane i Eksetfjæra; 8 av dei 11 naustplassane i Eksetfjæra har i dag ikkje tilgang til parkering. Dersom det no vert tilordna parkering / felles parkering med museet, vil dette sjølvstundt vere ein fordel for nausttomtene. På denne bakgrunn er det rimeleg at gnr. 13 bnr. 5 får erstatta noko areal på sør-austsida av naustrekka, mot at nausteigarane dermed får tilgang til parkering og veg ned til nausta.*

*Framtidig utnytting av gnr. 13, bnr. 5; Arealet elles av gnr. 13, bnr. 5 må i samsvar med skisse dat. 12.07.06 regulerast til næring / servering / overnatting, og bustadføre mål. Grensene må justerast om lag som vist på vedlagte jordskiftekart.*

**Kommentar:**

Reinseanlegget er plassert etter prinsipp alternativ 1. Vegen til naustområdet er lagt langs elva og det er lagt ut areal for felles parkering i tilknytning til nausta. Museet er tillagt areal, ca 300 m<sup>2</sup>. Om det å legge dette arealet til museet skjer frivillig eller ved ekspropriasjon vert ei sak for partane og for kommunestyre ved neste vegskille. Samla sett vil vi meine at Egset kjem godt ut av plansituasjonen – viser også til kommentaren tilmerknad nr. 2: Sigmund Egset

15. Dag Egset, Leif Finnøy m fl.

**Utdrag:**

*Slik vi ser det vil t.d. ei løysing med veg langs elvabarden til naustrekka og vidare langs denne mot Nubben, med parkering i enden av vegen eller utviding av vegen for parkering langs denne, vere ein mykje betre løysing enn den skisserte då vi vil få betre tilkomst med bil ti badeplassen og fjøreområdet..... Vi meiner at om ein plasserer reinseanlegget ved elva med veg vidare langs naustrekka til Nubben vil det heller ikkje øydelegge området eller omgjevnadene.....*

**Kommentar:**

Uttalen baserer seg på innleiande skisse. Planen er omarbeidd og er no om lag i samsvar med dei innspela som kjem fram i denne merknaden.

16. Møre og Romsdal fylke

Utdrag:

Ved brev av 16.06.06 kjem kulturavdelinga i fylket med utfyllande informasjon.

*Gravrøysa innan planområdet bør merkast med rune-R og med sikringssone regulert til spesialområde vern etter kml §25.6. ... Markane har potensiale for nye funn og ved offentleg høyring vil ei arkeologisk registrering verte kravd ....*

*I forhold til tunet på bruk nr. 1 nordanfor og Sivert Aarflot museet finn vi plassering av reinseanlegget etter alternativ 1 og 2 ungunstig. ....*

Kommentar:

Med grunnlag i eit heller grovt kartgrunnlag er gravrøysene merka på plankartet som nemnt over. Sameleis er det lagt inn eit bevaringsområde med radius 10 m rundt røysa innan planområdet.

Plasseringa av reinseanlegget er no gjort ut frå ei samla vurdering. Anlegget er lagt sør om museet og vert då i prinsippet etter alt. 1. Det er utarbeidd ei skisse som viser korleis anlegget vil sjå ut (volum) i høve museet, jf planomtalen.

#### **Oppsummering – dei viktigaste innspela som vedkjem planendringa:**

- Det må leggast tilrette for utvidingsareal til Sivert Aarflot-museet
- Reinseanlegget må ikkje ligge for nær museet eller kome i konflikt med tenkte utbygging på 13/5 eller vegen til sjøen for bnr. 6 eller gardsdrifta på bnr. 1
- Tilkomst friområde: Kjørbar gangveg er det einaste rette i den samanheng.
- Nausteigarane har ikkje parkeringsplass, berre vegrett.
- Privat parkering for dei tiltaka som er tenkt sett i gang vil måtte skje i tilknytning til desse.
- Universell utforming må leggast til grunn
- Grensa mellom bnr. 5 og 6 er feil på det kommunale kartet
- Nautsarealet må ikkje utvidast.
- Kulturminna (gravrøysene) må visast på plankartet

#### **Oppsummering – korleis innspela er tekne omsyn til i framlegg til planendring:**

- Museet er gitt utvidingsareal
- Reinseanlegget er plassert slik at resterande areal vil få god arondering og utan at det gjev ulemper for jordbruksdrift.
- Veg til nausta og til reinseanlegget er lagt langs elva
- Naustområdet og friområdet er gitt areal til parkering. Viser elles til parkering på arealet for VA-anlegget (offentleg område)
- Eigedomsgrenser som er feil på plankartet er retta opp.

Kåre Gjengedal  
planleggar